

Forskrift om godtgjersle for folkevalde – Skjåk kommune

Kapittel 1: Generelle reglar

§ 1-1 Føremål og verkeområde

Føremålet med forskrifta er å regulera rettar og plikter etter kommunelova kapittel 8 for folkevalde i Skjåk kommune.

Kapittel 2: Folkevalde sin rett til godtgjersle

§2-1 Arbeidsgodtgjersle

Alle som har eit kommunalt tillitsverv har krav på godtgjersle for arbeidet sitt. Arbeidsgodtgjersle vert utbetalt enten som fast godtgjersle eller som møtegodtgjersle, etter dei reglane som er fastsette i denne forskrifta. Det vert ikkje rekna feriepengar av godtgjersler til folkevalde, fordi folkevalde ikkje er omfatta av reglane i ferielova.

§ 2-2.Frikjøp og godtgjersle for ordførar

Ordføraren vert frikjøpt i 100 % stilling.

Ordføraren får ei fast årleg godtgjersle på 80 % av ein stortingsrepresentant si godtgjersle.

Ordførargodtgjersla skal regulerast same dato som stortingsrepresentantane si godtgjersle. Alle andre reguleringar som brukar ordførargodtgjersla som utgangspunkt skal regulerast frå same dato. Ordføraren mottok ikkje møtegodtgjersle.

§ 2-3.Godtgjersle for varaordførar

Varaordføraren får ei fast årleg godtgjersle på 10 % av ordførargodtgjersla. Denne godtgjersla er kompensasjon for funksjonen som stadfortredar for ordføraren i feriar og ved kortare sjukefråvær hos ordføraren (opptil ei «arbeidsgjevarperiode» på 16 kalenderdagar), deltaking på arrangement/tilsvarande der varaordføraren møter i staden for ordføraren, og deltaking på møte i folkevalde organ/tilsvarande. Varaordføraren får ikkje utbetalt møtegodtgjersle ut over dette.

Varaordføraren kan i tillegg til den faste godtgjersla få dekka utgifter og økonomisk tap etter dei same reglane som andre folkevalde.

Dersom ordføraren vert indisponert i ei lengre periode (meir enn 16 dagar) grunna sjukdom eller liknande, og varaordføraren overtek alle oppgåvene til ordføraren, skal varaordføraren ha utbetalt ordførargodtgjersle. Dersom varaordføraren berre overtek delar av ordføraren sine oppgåver, skal formannskapet fastsetja ei passande godtgjersle.

§ 2-4.Godtgjersle for leiarar i utval/råd

Leiarane i hovudutvalet for oppvekst, omsorg og kultur (HOOK), hovudutvalet for miljø- og samfunnsutvikling (HMS), samt leiar av kontrollutvalet får ei fast årleg godtgjersle som kompensasjon

for tilleggsoppgåver dei har i forhold til andre medlemmar. Satsane er basert på ordføraren si godtgjersle 01.01 i kalenderåret. Satsane for godtgjersle er som følgjer:

Verv	Del av ordførar si godtgjersle
Leiar av HOOK	5%
Leiar av HMS	5%

Nestleiar som fungerer som utvalsleiar samanhengande i 5 veker eller meir skal ha utvalsleiar si godtgjersle i funksjonstida.

Leiarar i andre utval/råd får ikkje ei fast godtgjersle. Kommunestyret kan likevel bestemme noko anna når eit utval/råd vert oppretta.

§ 2-5. Formannskapet sine medlemmar

Formannskapet sine medlemmar blir godtgjort tilsvarande 5 % av ordføraren si godtgjersle 01.01 i kalenderåret.

§ 2-6. Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle er ein kompensasjon for deltaking på og førebuing til møte. Satsane er basert på ordføraren si godtgjersle 01.01 i kalenderåret. Det er tre satsar for møtegodtgjersle:

Sats	Leiar	Medlem
Høg sats	0,224 % av ordførarløn	0,167 % av ordførarløn
Ordinær sats	0,159 % av ordførarløn	0,123 % av ordførarløn
Låg sats	0,112 % av ordførarløn	0,069 % av ordførarløn

§2-6-1 Høg sats

Høg sats for møtegodtgjersle vert utbetalt til møtande medlemmar og varamedlemmar i formannskapet, utanom ordførar.

§2-6-2 Ordinær sats

Ordinær sats for møtegodtgjersle vert utbetalt til møtande medlemmar og varamedlemmar i kommunestyre, hovudutval og kontrollutval.

§2-6-3 Låg sats

Låg sats for møtegodtgjersle vert utbetalt til råd for eldre og personar med funksjonsnedsetjing, ungdomsråd og andre, faste utval og ad hoc-komitear som er oppnemnd av kommunestyret, formannskap eller hovudutval.

Varamedlemmar som møter i enkeltsaker/ delar av møte får utbetalt møtegodtgjersle pr. møte med låg sats.

Dei tilsette sine representantar i administrasjonsutval får utbetalt møtegodtgjersle pr. møte etter låg sats.

§2-6-4 Møtegodtgjersle ved fleire møte pr. dag

For organ som i fylje lov eller kommunalt vedtak er tillagt ulike funksjonar, og/ eller dersom same saksdokument blir behandla i to møte same dag, blir det ikkje ytt dobbel møtegodtgjersle, men det skal utbetalast i den gruppa med høgast sats.

Dersom det er møte på same dag for eit eller fleire organ med ulike saksdokument, skal det utbetalast godtgjersle for dei ulike organa.

Møtegodtgjersle skal ikkje utbetalast til kommunale tenestemenn/ kvinner med mindre vedkommande møter som vald medlem.

Kapittel 3: Erstatning for tap av inntekt

§ 3-1. Erstatning av tapt inntekt

Folkevalde i kommunen har krav på erstatning, inntil tilsvarande ei dagsløn for ordførar, for tap av inntekt som skuldast pliktig deltaking på møte eller kurs/opplæring som kommunalt folkevald. Krav om erstatning må sendast til kommunen. Krav skal sendast inn fortløpande, seinast seks månader etter møtet. Legitimert tap må dokumenterast med stadfesting frå arbeidsgjevar/tilsvarande på trekk i løn. Alternativt kan den folkevalde sin arbeidsgjevar senda refusjonskrav til kommunen på lønsutgiftene dei hadde for den folkevalde i samband med vedkommande si deltaking på møtet eller kurset/opplæringa.

Frist for innsending av slikt refusjonskrav frå arbeidsgjevar er på seks månader. Satsane i § 3-2 inkludera og erstatning for eventuelle tapte feriepengar.

Ved krav frå sjølvstendig næringsdrivande om erstatning for tap av inntekt må det leggjast ved likningsattest, annan dokumentasjon eller skriftleg grunngjeving som sannsynleggjer tapet.

§ 3-2. Satsar for erstatning av tapt inntekt

Godtgjersle for legitimert og ulegitimert tapt arbeidsforteneste for sjølvstendig næringsdrivande blir utbetalt med inntil 0,039% av ordførarløn pr. time, maks 0,292% av ordførarløn pr. dag.

Kapittel 4: Dekking av utgifter

§ 4-1. Dekking av utgifter til nødvendig tilsyn av barn m.m.

I samband med deltaking på møte og kurs kan folkevalde få dekkja legitimerede ekstraavgifter til nødvendig tilsyn av barn opptil 12 år eller andre ein har omsorg for. Den folkevalde må senda krav om dekkning av utgifter til kommunen. Kravet må sannsynleggjerast og så langt som mogleg dokumenterast. Krav skal sendast inn fortløpande, seinast seks månader etter møtet/kurset.

Legitimerede krav blir dekt med inntil 0,1% av ordførarløn pr. dag.

Dersom det er ulegitimerede krav om å få dekkja ekstraavgifter i samband med ekstraavgifter til nødvendig tilsyn av barn vil det bli dekt med 0,036% av ordførarløn pr. møte.

§ 4-2 Dekking av utgifter til omsorgsarbeid

I samband med deltaking på møte og kurs kan folkevalde få dekkja legitimerede ekstraavgifter ved pass og stell av sjuke og eldre. Den folkevalde må senda krav om dekkning av utgifter til kommunen. Kravet må sannsynleggjerast og så langt som mogleg dokumenterast. Krav skal sendast inn fortløpande, seinast seks månader etter møtet/kurset.

Legitimerte krav blir dekt med inntil 0,016% av ordførarløn pr. time, maks 0,123% av ordførarløn pr. dag.

§ 4-3.Skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle

Folkevalde har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle i samband med tillitsvervet. Godtgjersla følgjer satsane i Statens reiseregulativ. Godtgjersle kan krevjast for alle reiser i samband med pliktig deltaking på møte og kurs/opplæring. Den folkevalde må senda krav om godtgjersle til kommunen. Krav skal sendast inn fortløpande, seinast seks månader etter reisa.

Dersom ikkje anna er avtalt, skal reiselengda reknast med utgangs- og endepunkt i den folkevalde si heimeadresse i Skjåk kommune. Studentar og andre folkevalde som i periodar har bustad eller anna utgangspunkt for reisa utanfor Skjåk, kan søkja kommunen om å få dekkja reiseutgifter med denne bustaden som utgangs- og endepunkt. Ordføraren har fullmakt til å avgjera slike søknadar.

§ 4-4.Dekking av utgifter til telefon

Ordførar og varaordførar får disponera fri kommunal mobiltelefon både i og utanom kontortida. Faste medlemmer av formannskapet og leiarar av utval får kr 300 pr mnd for bruk av eigen mobiltelefon.

§4-5 Frikjøp av tid

Folkevalde med særleg omfattande arbeidsoppgåver kan få godtgjort frikjøpt tid. Slik frikjøp av tid kan innebere plikt til å vera til stades i kontortid når det fysisk er lagt til rette for det.

Varaordførar og leiarar i utvala kan få frikjøpt tid med inntil 20% av full stilling (tilsvarande ein dag pr. veke).

Personar med mange verv eller særleg arbeidskrevjande verv kan få mellom 20% og 30% av full stilling. Ordførar avgjer slike saker.

Frikjøpt tid blir godtgjort med fastsett prosentsats av ordførargodtgjersla.

§4-6 Godtgjersle folkevalt for enkeltoppdrag

Godtgjersla til folkevalde for enkelt oppdrag/ representasjon blir utbetalt med 0,164% av ordførarløn pr. dag.

Dette gjeld ikkje varaordførar, formannschaftsmedlemmar og utvalsleiarar.

Kapittel 5: Utstyr

§ 5-1.Nettbrett

Faste medlemmar og varamedlemmar i kommunestyret, formannskapet og hovudutval får tilbod om å disponera kommunalt nettbrett i valperioden.

Kapittel 6: Utbetaling av godtgjersle, utgiftsdekking og erstatning for tapt inntekt

§ 6-1.Utbetaling av fast godtgjersle til ordførar og varaordførar

Fast godtgjersle til ordførar og varaordførar vert utbetalt månadleg med 1/12 av årsbeløp.

§6-2.Utbetaling av møtegodtgjersle og godtgjersle til leiarar av utval/råd

Møtegodtgjersle og godtgjersle til leiarar av utval/råd blir normalt utbetalt månaden etter at kravet er levert inn.

§ 6-3.Utbetaling av utgiftsdekking, kilometergodtgjersle og erstatning for tapt inntekt

Utbetaling av utgiftsdekking, kilometergodtgjersle og erstatning for tapt inntekt vert normalt gjort månaden etter at kravet er levert inn.

Kapittel 7: Ettergodtgjersle, pensjonsordning og ytingar ved dødsfall/gruppelivsforsikring

§ 7-1.Ettergodtgjersle for ordføraren

Ordføraren har, etter søknad, rett til ettergodtgjersle i inntil tre månader ved fråtreding av vervet. Søknad må sendast til kommunen innan utgangen av månaden etter at ordføraren fråtrer vervet.

Søknad om ettergodtgjersle vert avgjort av kommunedirektøren. Kommunedirektøren kan ved behov legge saka fram for formannskapet.

Retten til ettergodtgjersle skal, i samsvar med reglane i [kommunelova §8-6 andre ledd](#), krone for krone trekkast frå mot anna inntekt og ordinær inntekt som den folkevalde frivillig avstår frå.

Ordførar stiller seg til disposisjon for kommunen i denne perioden.

§ 7-2. Pensjonsordning for ordførar

Skjåk kommune skal ha same pensjonsordning for folkevalde som for dei tilsette. Ordførar og varaordførar vert meldt inn i pensjonsordninga.

§ 7-3.Ytingar etter dødsfall/gruppelivsforsikringar

Ordføraren skal omfattast av § 10 i hovudtariffavtalen – «ytelser etter dødsfall/gruppelivsforsikringer» – på linje med tilsette i kommunen.

Kapittel 8: Permisjonar og ferie

§ 8-1.Permisjonar for ordføraren

Ordføraren har rett til permisjonar etter reglane i [kommunelova §8-10](#) , jf. reglar i [arbeidsmiljølova §12-1](#) til [§12-10](#), [§12-12](#) og [§12-15](#) . Ordføraren har i samband med slike permisjonar rett til å behalda godtgjersla etter dei same reglane som gjeld for tilsette i kommunen. Søknadar om permisjon skal avgjerast av kommunestyret.

§ 8-2.Ferie for ordføraren

Ordføraren har rett til å ta ut til saman fem veker ferie per år (frå og med det første heile kalenderåret i ordførarperioden), utan trekk i ordførargodtgjersla.

Det vert ikkje utbetalt feriepengar av ordførargodtgjersla.

Varaordføraren fungerer som ordførar når ordføraren avviklar ferie. Det blir ikkje utbetalt ekstra godtgjersle til varaordføraren for dette.

Kapittel 9: Sjukepengar

§ 9-1. Rett til sjukepengar

Ordføraren og varaordføraren har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen, jf. reglar i [kommunelova §8-8](#).

§ 9-2. Utbetaling av sjukepengar til ordføraren og varaordføraren

Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarende full godtgjersle i arbeidsgjevarperioden frå den fyrste til den sekstande sjukedagen, jf. [folketrygdloven § 8-19](#).

Har den folkevalde krav på godtgjersle utover seks gongar grunnbeløpet, jf. [folketrygdloven § 8-10](#) andre ledd, skal kommunen betale forskjellen mellom det den folkevalde har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det den folkevalde ville fått i godtgjersle i den same perioden.

Folkevalde med rett til sjukepengar skal varsle sekretariatet ved sjukdom.

Kapittel 10: Gruppestønad

§ 10-1. Stønad til kommunestyregruppene

Kommunestyregruppene mottek årleg stønad basert på ordføraren si godtgjersle 01.01 i

kalenderåret. Stønaden blir rekna ut etter følgjande satsar: 1 % av ordførarens godtgjersle pr. gruppe. 0,15 % av ordførarens godtgjersle pr. representant. Stønaden blir betalt ut ein gong i året.

Kapittel 11 Utbetaling

§11-1 Utbetaling

Løn til politisk leiding blir utbetalt den 15. i kvar månad.

Dei folkevalde må sjølv sende inn krav om møtegodtgjersle. Ordninga om møtegodtgjersle skal vera attestert og tilvist av utvalssekretær og kommunedirektør. Det same gjeld tapt arbeidsforteneste og reise/kostutgifter.

Kapittel 12 Mynde

§12-1 Mynde til ordførar

Ordførar har myndigheit til, innanfor forskrifta sine satsar, å avgjera innplassering av styre, råd og utval som ikkje er nemnd ovanfor. Tilsvarende er ordførar gjeve mynde til, ved endring av ansvar og arbeidsomfang for organ, å gjere nødvendige endringar i godtgjersle for organet.

I dei tilfelle forskrifta ikkje er uttømande har ordførarar mynde til å treffe avgjer så langt desse ikkje er av prinsipiell betydning.

Kapittel 13 Regulering

§13-1 Regulering

Godtgjersle og satsar i " Forskrift om godtgjersle for folkevalde – Skjåk kommune" skal kvart år justerast i tråd med retningslinene, med mindre det blir føreslått og vedteke endringar i reglementet.

Kapittel 14 Gjennomføring

§ 14-1. Forskrifta gjeld frå

Forskrifta trer i kraft ved kunngjering i Norsk Lovtidend.